

Vedtak i Kommunestyre - 17.06.2021

I forkant av anbudsutlysning skal det gjennomførast ein marknadssdialog med aktuelle tilbydarar for å finne fram til løysingar som bidreg til eit best mogeleg skulebygg, samtidig som ein ser på andre/kostnadsreduserande løysingar.

I forkant av anbudsutlysning av framtidig Flatdal skule skal det gjennomførast ein marknadssdialog med aktuelle tilbydarar for å finne fram til løysingar som bidreg til eit best mogeleg skulebygg, samtidig som ein ser på andre/kostnadsreduserande løysingar.

Kommunestyret vil vurdere å legge ut på anbod både alternativ 1 «Rehabilitering av eksisterande bygg med tilbygg» ved Flatdal skule og alternativ 2 «Ny skule», med ei maksimumsramme på 90 elevar. Det vert lagt til grunn ein norm for læringsareal (klasserom og grupperom) som er i tråd med det skisserte romprogrammet/planteikningar.

Kommunestyret ber rådmannen om å leggje fram ei sak om endeleg omfang og val av anbodstype etter marknadssdialogen.

Hovudprosjektet skal legge til grunn dei standardane som er nytta i forprosjektet, med ein tydeleg miljøprofil i val av materialar, tekniske løysingar og fokus på gjenbruk. Nybygg/tilbygg skal byggast i tre.